

# Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

15. oktober 2012



## PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Måndag 15. oktober 2012 kl. 09.30 var det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som telefonmøte.

### Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Planlegging av norsk senter for partikkelterapi

### Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Statssekretær Robin Martin Kåss (etter fullmakt frå statsråden)

### Frå styret møte

Styreleiar Oddvard Nilsen	Olin Johanne Henden
Nestleiar Aud Berit Alsaker Haynes	Kjartan Longva
Gerd Dvergsdal	Sveinung Stensland
Torhild Selsvold Nyborg	

### Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen	Fagdirektør Baard-Christian Schem
---	-----------------------------------

### Også til stades

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold	Avdelingsdirektør Maiken Engelstad
Avdelingsdirektør Astri Knapstad	Underdirektør Helga Daae

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, og deltok ved Ingrid Engstad Risa.

### Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Statssekretær Robin Martin Kåss ønske, som øvste eigarmyndigheit, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Oddvard Nilsen og statssekretær Robin Martin Kåss blei valde til å skrive under protokollen. Statssekretær Robin Martin Kåss overlet møteleiinga til styreleiar Oddvard Nilsen.

### Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsendte dagsordenen. Det var ingen som hadde merknader til dagsordenen.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Dagsorden er godkjent.*

**Sak 3 Planlegging av norsk senter for partikkelterapi**

I Prop. 1 S (2012-2013) er det vist til at partikkelterapi, spesielt protonbehandling, er tatt i bruk internasjonalt og at det er grunn til å tro at partikkelterapi vil være å føretrekke framfor konvensjonell stråleterapi for eit aukande tal kreftformer. Vidare er det vist til at tilbud om partikkelterapi til ein viss grad vil kunne erstatte behovet for nye strålemaskiner.

Helse- og omsorgsdepartementet orienterte om at det er ønskeleg å setje i gong planlegging av eit norsk senter for partikkelterapi.

Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF planlegge for eit norsk senter for partikkelterapi. Dette skal skje i samarbeid med dei andre regionale helseføretaka og Helsedirektoratet. Føretaksmøtet føresette at første del av planleggingsfasen vert gjennomført innan 1. februar 2013.

Føretaksmøtet la vidare til grunn at det skal utarbeidast ein heilskapleg plan for etablering, organisering og drift, som og omfattar eit felles mandat med rammer for igangsetting av idéfase, jf. *Veileder for tidligfaseplanlegging i sykehusprosjekter*. Arbeidet må vidare omfatte en samarbeidsmodell mellom dei fire regionale helseføretaka som sikrar oppbygging av kompetanse i alle helseregionane. Behov for og tilgang til kompetent personell/kompetanse (fysikarar mv.) skal og utredast. Helse- og omsorgsdepartementet skal ha ei observatørrolle i arbeidet.

Etablering av eit norsk senter for partikkelterapi vil innebere sentralisering av all pasientbehandling med partikkelterapi til ein stad i landet, gjennom etablering av ein nasjonal behandlingsteneste for partikkelterapi etter forskrift nr. 1706 *Om godkjenning av sykehus, bruk av betegnelsen universitetssykehus og nasjonale tjenester i spesialisthelsetjenesten*. Føretaksmøtet la til grunn at forslaget må være i tråd med dei krava som er stilte til ei nasjonal behandlingsteneste, jf. forskrift og rettleiar til kapittel 4 i forskrifta *Godkjenning av nasjonale tjenester i spesialisthelsetjenesten*.


Det vert lagt til grunn at forholdet mellom etablert og utprøvande partikkelterapibehandling vert endra over tid med aukande forskingsbasert dokumentasjon. Vidare vert det lagt til grunn at effekt, sikkerheit og kostnadseffektivitet av behandlinga som vert tilboden blir dokumentert gjennom forskingsstudiar (prospektive studiar, kvalitetsregisterforskning og kliniske randomiserte studiar). Føretaksmøtet la til grunn at pasientbehandling og forskning/utprøvande behandling vert finansiert gjennom dei etablerte systema for finansiering av pasientbehandling, herunder gjestepasientoppgjør og forskning.

**Føretaksmøte vedtok:**


*Føretaksmøtet ber Helse Vest RHF om å planlegge eit norsk senter for partikkelterapi. Arbeidet skal innehalde plan for etablering, organisering og drift, som og omfattar eit omforeint mandat med rammer for igangsetting av idéfase. Frist for oppdraget vert sett til 1. februar 2013.*

Møtet vart heva kl. 9.40.

Oslo 15. oktober 2012



Robin Martin Kåss



Oddvard Nilsen